| Internkontroll ifbm skjenking på Øyafest | | Revidert |
|---|---|---|
| **1 Kartleggjing av utfordringar og beskriving av tiltak** | | |
| Regel<br><br>Alkoholloven (AL)<br>Alkoholforskriften (AF) | Overtredelse rangert etter alvorlegheitsgrad | Utfordringar i forbindelse med førebygging av overtredelsar<br><br>Forebyggjande tiltak og rutinar (innhold i tiltak/rutine, oppfølging ved evt. problemar o.a.)<br>Kven som har ansvar for å følgja rutinar eller iverksettja tiltak, eventuelle frister o.a. |
| AL § 1-5 | Skjenking til person som er under 18 år | Utfordringar: Falsk og lånt legitimasjon. Viser falsk legitimasjon i inngongen. Mindreårige kjem av og til saman med ein eldre vennegjeng. Vanskelig å gjette alder.. Personalet sjekker ikkje legitimasjon fordi dei reknar med at vaktane har gjort det. |
| | | Tiltak/rutinar: Det er 18 års aldersgrensa på arrangementet. Men all bemanning har instruks om å sjekka legitimasjon på alle som ser ut som dei er under 25 år. Oppslag i baren om at me ber om legitimasjon frå alle som ser yngre ut enn 25 år. Heng opp ein oversikt som viser bemanninga kva årstall man må vera født i for å vera over 18 år. Er bemanninga i tvil om alder, har den dei rett til å spørja om legitimasjon. Hvis personen ikkje viser legitimasjon, skal salg nektast. Steg-for-steg rutiner for kva man ser etter ved legitimasjonskontroll: Hold legitimasjonen i handa. Sjekk om det er heilt, og kjennes ekte ut. Ved å stryka tommelen diagonalt over ID-kortet kjenne man om det er i flukt eller forhøga på riktige stader. Bruk god tid. Likner biletet? Stemme alderen? Spør evt. om stjerneteikn. |
| | | Ansvar: Styrar, frivillige og profesjonelle vaktar i inngong. |
| AF § 4-1 | Brudd på plikten til å sørge for at personer som trenger det, får nødvendig bistand | Utfordringar: Gjestar drikk for mykje, blir sjuke, får skadar, atypisk rus og blir ute av stand til å ta vare på seg sjølv og får ikkje den hjelpa de treng. Skjer ofta på travle tidspunkter når personalet har veldig mykje å gjera. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Tiltak/rutinar: Dersom nokon vert ute av stand til å ta vare på seg sjølv, skal ein eller fleire av dei frivillige/vaktane hjelpa personen. Hjelpa kan bestå i å sørga for at personen blir ivaretatt av ein venn/venninne (NB ikkje la gutter ta vare på jenter du ikkje er helt sikker på at de kjenner godt fra før), yte førstehjelp, ringa ambulanse, taxi eller politi. Me skal, sjølv i travle periodar, kunne frigjera frivillige til å hjelpa i slike situasjonar, f.eks. ansvarshavende, trivselsvaktar, vakter. Pass på at personen ikkje har tilgong til meir alkohol. |
| | | Ansvar: Alle |
| AL § 4-7 | Brudd på kravet om forsvarleg drift | Utfordringar: Utfordrande å helda oversikt over alle plikter som følgjer av regelverket. Utfordrande å sikra at all bemanning følgjer opp rutinane våre. Besøkstall kan variera kraftig, vanskelig å sikra at det til ei kvar tid er nok bemanning. For mange publikummarar, for lite bemanning. Utfordrande klientell kan kreva ekstra oppfølging og ta oppmerksomheita bort frå andre oppgåver. Ikkje tilstrekkeleg gode forundersøkelsar kan føra til at man kjøyrer eit risikoarrangement og mista kontrollen over skjenkinga og gjestanes sikkerhet. |
| | | Tiltak/rutinar: Sikra at alle får tilstrekkeleg opplæring knytt til sine oppgåver. Ved uventa hendelsar skal styrer/stedfortreder tilkallas/kontaktas for å vurdera situasjonen og sette i verk nødvendige tiltak. Omrokkera på bemanning. Vurdera begrensingar i skjenking. Styrer må ved spesielle arrangementer gjera grundige undersøkelsar med hensyn til kven som vil kome og organisera arrangementet deretter. |
| | | Ansvar: styrer/stadfortreder, ansvarshavende |
| AL § 1-9 | Hindring av kommunal kontroll | Utfordringar: Manglande kunnskap om kravet/usikkerheit om eigne plikter kan medføra at frivillige ønsker å konferere med overordnade før dei gjer adgang til området eller samarbeidar med kontrollørane. |
| | | Tiltak/rutinar: Opplæring til alle frivillige i forkant av arrangement. Kontrollørane skal aldri nektas adgang til området, sjølv om dei kjem før eller etter dørene er lukka. Dei skal ikkje venta eller stå i kø. Dei skal ikkje nektas hjelp ved behov for informasjon eller ved legitimasjonskontroll. |
| | | Ansvar: Styrar/stadfortreder. |

| | | |
|---|---|---|
| AF § 4-2 | Skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påverka av rusmidler | Utfordringar: Drikkekultur som forventar vel «god stemning». Arbeidsforholda gjer dårlege moglegheiter for vurdering av rusnivå (lys, musikk, fullt). Serveringsnekt skapar dårleg stemning og tar tid. Bartendara prioriterar heller å få unna køen enn å vurdera rusnivå. vanskelig å avvisa/bortvisa «kjentsfolk». Når mange er åpenbart påverka er det vanskelig å peika ut enkeltpersonar. Vanskeleg å vurdera rusnivå når ein gjest sitter. Gjester kjøper til kvarandre, vanskelig å kontrollera kvar alkoholen skal. Personer kommer fra vorspiel eller bar med stigande rus. |
| | | Tiltak/rutinar: Legga arbeidsforholda til rette, slik at det vert gode muligheiter for vurdering av rusnivå, og vera tydeleg på at detta må prioriteras: God belysning, forhandssal av billettar har satt begrensing på antall gjestar. Proffesjonelle vaktar tar vurdering i inngongen og i barkøen. Barpersonalet skal vera oppmerksam på kvar enkelt som skjenkas sjølv om det er profesjonell vakt i barkø. Dersom dei er i tvil, må personen nektas alkohol. Dersom personen er åpenbart påvirket, må personen forlate området. Henvis til alkohollov og at bevilling kan ryke. Be om bistand frå profesjonelt vakthald dersom gjesten er kranglete. Det er dei profesjonelle vaktane som skal ta seg av gjestar som evt må bes om å forlata området, slik at frivillige ikkje ska hamna i ein situasjon der dei risikerar å måtta kasta ut «naboen/kompisen) |
| | | Ansvar: Styrer/stedfortreder + all bemanning. |
| AL § 4-4 | Brudd på skjenketidsbestemmelsane | Utfordringar: Tar imot bestilling før kl. 02:00, rekk ikkje å dele ut alkoholen før kl. 02:00. Skjenker mykje heilt fram til kl. 02:00, spelar høg musikk og har dunkel belysning fram til kl. 02:00 og rekk ikkje å få fjerna all alkohol og få ut gjestane før 02:00. Gjester er på området etter 02:00 og/eller drikker alkohol etter 02:00. |
| | | Tiltak/rutinar: Konsertslutt er klokka 00:30, pluss ekstranummer og pyro er show slutt ca 01:00. Dermed vil mesteparten forlata området ila den siste timen. Deretter stoppa bestillinga 01:45, stoppa utdelinga av alkohol før 01.50. Rolig og lav musikk fra kl. 01.00, samt slå på lyset.<br><br>(Forventas rolege forhald og lite gjenverande gjestar etter at konsert/show er ferdig) |
| | | Ansvar: all bemanning |
| | | Utfordringar: Manglande kjennskap til innhaldet i kravena. |

| | | |
|---|---|---|
| AL § 1-5, AF § 2-3 | Brudd på alderskravet til den som skjenkar alkoholholdig drikk | Tiltak/rutinar: Ingen i bemanninga er under 18 år |
| | | Ansvar: Styrar |
| AF § 4-1 | Det gis adgang til området til person som er åpenbart påverka av rusmidler,<br>eller bevillingshaver sørgjer ikkje for at person som er åpenbart påverka av rusmidler forlet staden. | Utfordringar: Vanskeleg for vakt å bedømma beruselsesnivå. Når det ikke er vakt på post i inngong, kan man risikera at åpenbart påverkade går rett inn, uten at barpersonale eller andre i bemanninga oppdagar det. Området er uoversiktleg og det er mulig å gøyma seg unna. Åpenbart påverka personer kjem i følge med mange som ikkje er det. |
| | | Tiltak/rutinar: Vakt i inngong og bar bruker lengre tid, stiller spørsmål eller småpratar for å sjekka alkoholnivå. Jamnlege rydderundar av trivselsvaktar på området for å avdekka eventuelle åpenbart påverka personar. Ein |

| | | |
|---|---|---|
| | | kvar som er på vakt sier fra til en kollega, og får personen ut så raskt som mulig. Om personen er ute av stand til å ta vare på seg sjølv skal det knyttes kontakt med Røde Kors, lege, taxi, politi eller AMK. Festivalområdet vert inngjera og forma slik at det ikkje skal vera noko skjulte krinklar og krokar. På stader som kan vera uoversiktlege vil det verta plassert vaktar. |
| | | Ansvar: All bemanning |
| AL § 1-9, AF kap. 8 | Manglar ved bevillingshavers internkontroll | Utfordringar: Manglande kunnskap om innhaldet i kravet. Ikkje tydeleggjort kven som har ansvaret for utarbeidelsen. Vanskeleg å veta kva utfordringar man vil møta før arrangementet er godt i gong. Når systemet er ferdig utarbeida, legges det vekk og gløymmes. Bemanninga føler ikkje eigarskap til systemet. Vanskeleg å huska alle rutiner. Stor turnover – utfordrande å sikra at alle kjenner innholdet i rutiner til ei kvar tid.<br>Bemanninga opplever at rutiner ikkje fungerar optimalt, men informerar ikkje styrer/stedfortreder. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Tiltak/rutinar: Bruka tid på å tenka gjennom moglege utfordringar og laga gode rutinar for dette. Opplæring av frivillige i relevante delar av systemet. Alle frivillige får kvar si utskrift av denne internkontroll, samt relevante vedlegg og må lesa desse. Oppslag med rutinar bak bar/frivilligområde osv. Oppslag med viktige rutinar retta mot gjestar.<br><br>Ansvarshavende fører logg over uønskede hendelser, problemer, behov for endringer i rutiner/tiltak. Ha internkontrollsystemet som punkt på informasjonsmøter og evalueringsmøter. Gjera jamnlege nye vurderingar av risiko for å overtre alkoholloven. Sjekke om nokon rutiner må endres. Eit eige avviksrapporteringsskjema som all bemanning skal kunna bruka. |
| | | Ansvar: Styrar, både før og under arrangement |
| AL § 1-8 | Gjentatt diskriminering på skjenkestaden | Utfordringar: Bemanning som oppfattar at staden kun rettar seg mot ein bestemt type klientell. |
| | | Tiltak/rutinar: Policy om at alle gjestar behandlast likt uansett etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion eller livssyn. Vise tydelig at dette ikke er akseptert. |
| | | Ansvar: Ledelse |
| Al § 1-8 | | Utfordringar: Kan vera vanskeleg å oppdaga. |

| | | |
|---|---|---|
| | Gjentatt narkotikaomsetnad på skjenkestaden | Tiltak/rutinar: Fortella all bemanning om kva ein skal sjå etter. Sjekka toaletter og mørke krokar jamnleg. Følga med på om fleire går på do samtidig, ev. banka på og spørja om alt er ok, spørja om dei treng toalettpapir slik at det er tydeleg at dei er observert, men på ein vennleg måte. Be trivselsvaktar ha eit våkent auga for detta. |
| | | Ansvar: All bemanning |
| AF § 4-6 | Brot på kravet om alkoholfrie alternativ | Utfordringar: |
| | | Tiltak/rutinar: Sikra at alle hovudkategoria av alkohol har eit reelt alternativ, til dømes alkoholfritt øl/cider til øl og alkoholfri vin eller fruktdrikker til vin. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Ansvar: Ledelse/styrar/innkjøpsansvarleg |
| AF § 4-4 | Konsum av medbrakt alkoholholdig drikk | Utfordringar: Gjestar gøymer lommelerker på kroppen, flasker o.l. i vesker og bager, på toalettet o.l.. |
| | | Tiltak/rutinar: Sjekke toaletter hyppig, be om å alltid få sjå i bager og på innerlommer dersom det er mistanke. Gjesten kan nekta å visa/tømma, men må då forlata staden eller kjem vedkommande ikkje inn. |
| | | Ansvar: Styrer, all bemanning. |
| AF § 4-4 | Gjester medtar alkohol ut av området | Utfordringar: At nokon tar med seg ein halvliter «på innerlomma», at gjestar prøv å kjøpa med seg alkohol til nachspiel. |
| | | Tiltak/rutinar: Helda eit godt auga med dem som forlet staden. Ha skilt rett innenfor port om at det ikkje er tillatt. Ha eit bord man kan sette fra seg drikke på når man skal ut, som vaktane passar på. Ikkje selga alkohol som ikkje skal nytas på staden. |
| | | Ansvar: All bemanning, spesielt vaktane i inngong |
| AL § 9-2, AF kap. 14 | Brudd på reklameforbudet | Utfordringar: Manglande kunnskap om innhaldet i forbudet. Lett å sjå hen til kva andre stader gjer, utan at det er sikkert at det dei gjer er tillatt. |
| | | Tiltak/rutinar: All informasjon retta mot publikum vurderas opp mot reklameforbodet. Sjekka at serveringsutstyr og andre artiklar med logo o.l. er tillatt. Vurdera informasjon på nettsatder opp mot reklameforbudet. Ikkje marknadsføra alkohol, alkoholholdige produkt, rabattar osv. i sosiale medier. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Ansvar: Ledelse/styrer |
| AL § 4-3 | Brudd på vilkår i bevillingsvedtaket | Utfordringer: *Ingen vilkår per dd* |
| | | Tiltak/rutiner: *Ingen vilkår per dd* |
| | | Ansvar: |

| | |
|---|---|
| **2** | **Beskrivelse av praksis: opplæring og oppfølging av internkontrollen** |
| | Her beskrives:<br><br>a) Opplæring av frivillig bemanning<br><br>b) Fordeling av ansvar ifbm denne internkontroll<br><br>c) Rutiner for ulike rapportering av ulike avvik og plan for behandling av desse |
| | a) All frivillig bemanning skal gjennom felles informasjonsmøte/opplæring. Dette vert avholdt ein av dagane rett før arrangementet, dette for å vera sikre på at all relativ informasjon skal vera med og at informasjon frå møtet skal vera ferskast mogleg i minnet før sjølve arrangementet. Møtet vert fyrst avheldt i samla lag med felles informasjon, deretter gruppevis strategisk etter bemanningsplan. Sikkerhetssjef frå innleigd proffsjonelt firma orienterer om sine prosedyrar knytt til sikkerheita. |
| | b) Ledelse (styret) har anvar for utarbeiding av denne internkontroll, samt revidering og endringar.<br><br>Styrar og stadsfortredar for skjenkeløyve har ansvar for at denne internkontroll vert følgd.<br><br>All bemanning har ansvar for å følgja denne internkontroll |
| | c) Utfordringar, uønska hendingar, feil i praktisering og rutinar som ikkje fungerer skal rapporterast ved bruk av avvikskjema/rapport. Desse skjema skal ligge lett tilgjengeleg på alle stasjonar (inngong, bar, mat, backstage, frivilligområde, scene) og skal kunna nyttast av all bemanning. Eventuelt melde avvik/rapportar vert teken opp på evalueringsmøte og- eller styremøte for å drøfta tiltak og takast med i ny revidering av denne internkontroll. |